



Forskjellane må ned!



SV.NO



Forskjellane må ned!

Små forskjellar bygg tillit og skaper trygge samfunn. Store forskjellar gjer det motsette. Alle skal ha tilgang til god utdanning, gode helsetenester og ein trygg kvardagsøkonomi. Ingen skal måtte leve i fattigdom.

Slik er det dessverre ikkje i Noreg i dag. Forskjellane mellom folk har auka over fleire tiår, og Noreg er no blant landa i Europa med størst økonomiske forskjellar. Mange kjenner presset frå høge renter, ein bustadmarknad overlaten til uregulert og rå kapitalisme og stadig dyrare mat.

Å vere i jobb er ikkje lenger ein garanti mot fattigdom. Rundt 30 000 som er i jobb er avhengige av sosialhjelp for å få kvardagen til å gå opp. Altfor mange blir tvinga til å ta umoglege val mellom varme i huset og nye sko til barna. Nesten 100 000 barn veks opp i fattigdom i eit av dei rikaste landa i verda, samtidig som talet på milliardærar aukar. Det kan vi ikkje akseptere og det kan vi gjere noko med, viss viljen er der.

Kampen mot forskjells-Noreg må vere førsteprioritet for det raudgrøne fleirtalet på Stortinget.

Derfor må vi:

- få ned matprisane
- styrkje økonomien i barnefamiliane
- auke sosialhjelpa
- auke minstesatsane og minstepensjonen med 1000 kroner i månaden
- byggje fleire bustader
- auke skatten for dei aller rikaste

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn her

